


Lom kommune



Årsmelding 2007 frå Lom kommune



Ekte og eigenarta

Innhaldet i årsmelding 2007:

Fakta om Lom kommune	3
Ordføraren sine kommentarar	6
Administrasjonssjefen sine kommentarar	7
Politisk organisering og saker	8
Personal og organisasjon	10
Økonomisk oversyn	12
Oversikt frå tenesteområda:	
- Støttefunksjonen	17
- Skule	20
- Barnehage	23
- Miljø, teknisk, næring	26
- Kultur, info, profilering	29
- Helse og velferd	30
- Institusjonsbasert omsorg	35
- Heimebasert omsorg	37
Notar til rekneskapen	39

Lom kommune
Midtgard
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Faks: 6121 7301
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>

Årsmelding

2007

Lom kommune

Utover i dokumentet presenterer vi nokre utdrag frå årsmeldinga for 20 år tilbake - frå 1987. Nokre bilete, som Brynjulf Aartun sitt frå "Stafetten for alle" på siste sida, kan gje oss eit interessant tilbakeblikk, medan tekstar og tal syner ei rivande utvikling frå 1987.

1 Fakta om Lom

1.1 Nokre fakta

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkter.

Fossbergom står fram som ein tettstad med sær preg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretalet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Kyrkja har 850-årsjubileum i 2008. Mange tusen turistar er


innom i løpet av året, men samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnatningsverksemder – andre satsar på ny bruk av setrene.


Fakta:

Lom har eit areal på 1 945 km² - og til 2 423 innbyggjarar (4. kvartal 2007) er det god plass! Men over 90 % av arealet er høgfjell over 900 m.o.h., og det er 1 % dyrka jord og 4 % produktiv skog.


Fordeling av arealet i Lom




Utvikling i folketallet



Driftsutgifter fordelt på tenesteområde



Utvikling i eigenkapitalprosent



1.2 Økonomi og rekneskap

Lom kommune kan på nytt legge fram eit godt netto driftsresultat og ei moglegheit til å gjera avsetningar i årsoppgjeret.

Det er absolutt ikkje sjølv sagt som følge av ein del utanforståande faktorar som er vanskeleg å budsjettere.

Som døme her kan nemnast utvikling i kraftpris og ikkje minst utfordring med å treffe med pensjonsbudsjetteringa. Denne gongen slo desse variablane positivt ut.

Det som elles har kjenneteikna kommunen dei siste åra, er god økonomistyring, m.a. i form av streng budsjettkontroll og kontinuerleg oppfølging og attenderapportering til tilsette og folkevalde.

Nokre sentrale tal fra driftsrekneskapen

	Rekneskap 2007	Justert budsjett 2007	Rekneskap 2006
Sum driftsinntekter	156 525 447	149 617 254	150 050 178
Sum driftsutgifter	153 859 545	148 753 132	150 779 083
Brutto driftsresultat	2 665 902	864 122	-728 905
Resultat eksterne finanstransaksjonar	1 905 534	-1 029 850	5 195 058
Motpost avskrivningar	7 468 222	7 468 000	6 865 045
Netto driftsresultat	12 039 658	7 302 272	11 331 198

Utvikling av brutto driftsresultat frå 2003 til 2007:

(Resultat av finanstransaksjonar kjem i tillegg, tal i tusen kroner)

	2003	2004	2005	2006	2007
Sum driftsinntekter	119 630	129 535	133 672	150 050	156 525
Sum driftsutgifter	117 974	129 537	135 691	150 779	153 860
Brutto driftsresultat	1 656	-2	-2 019	-729	2 666

Ein kortversjon av kommuneplanen er sendt ut til alle husstandar i Lom.

Du kan sjå heile planen om du vender deg til Servicetorget i Lom kommune, eller du kan laste han ned frå www.lom.kommune.no (sjå under Politiske saker i toppmenyen)

Prosjektleiar

Torill Bye Wilhelmsen er prosjektleiar for småsamfunnssatsinga i Lom, eller ”Liv i Lom” som er det lokale namnet til prosjektet. Ho har kontor på Midtgard.

1.3 Nokre hendingar og utviklingstrekk i 2007

1.3.1 Kommuneplanen - Lom mot 2020

Ein viktig jobb vart sluttført då kommunestyret i 2007 vedtok den nye kommuneplanen – Lom mot 2020. Formålet med samfunnssdelen i kommuneplanen er å handsame langsigte utfordringar og trekke opp mål og retningsliner for utvikling i Lom kommune som samfunn og organisasjon.

Vision for Lom kommune:

Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle

- dei som allereie er fast busette
- dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- tilreisande og turistar

Lom skal ver eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- Gjestfri
- Open

- Inkluderande
- Respektfull
- Nyskapande
- Trivsel
- Lokal kultur og historie
- Natur

I den kommunale verksemda skal alle tilsette legge vekt på å **stå fram som**:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

1.3.2 Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken

7 av 17 i Kommunestyret, 3 av 5 i Formannskapet. Talet på kvinner i politikken i Lom er høg, men det kan bli betre. Saman med Sel og Dovre har Lom danna eit kommunenettverk som skal bli eit utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken. Og Regjeringa kjem med pengar for å leggje til rette for dette.

Ordførar Simen Bjørgen legg vekt på at Lom kommune allereie i dag har mange dyktige kvinner i politikken.

- Kvinnedelen i kommunestyret og i Formannskapet er høg, seier Bjørgen. Slik er vi kanskje eit førebilete for andre. Men eg vonar at vi med samarbeidet med andre kommunar i prosjektet, og med dei tiltaka vi kan få til, kan gjøre det meir spennande å vere lokalpolitikar.

- Pengane frå dette prosjektet skal gå til kurs i å handtere media, annan kompetanseutvikling for politikarane og til samarbeid med lokale media, seier Bjørgen.

- No når dette er kjent, vonar eg det vil inspirere kvinner til å ta del i lokalpolitikken, og vi treng fleire engasjerte småbarnsforeldre, ungdommar og næringsdrivande, seier Bjørgen.

1.3.3 Liv i Lom

Åslaug Haga la i 2006 fram Kommunal- og regionaldepartementet si melding om distriktpolitikken. Meldinga fekk namnet ’Hjarte for heile landet’. Eit sentralt kapittel i meldinga er omtale av ei satsing for småsamfunn, om mellom anna attraktive lokalsamfunn og næringsutvikling.

Lom er med i satsinga

Lom kommune får 400.000kr til ei satsing på utvikling med utgangspunkt i lokale råvarer.

- Det er positivt at Lom er peika ut som ein forsøkskommune for å prøve ut korleis ein kan leggje til rette for å skape framtidstru og utvikling av distrikta med utgangspunkt i lokale ressursar. Det seier Ordførar Simen Bjørgen i ein kommentar til at Lom er av dei kommunane som får vera med i småsamfunnssatsinga. Mykje kan sentralisera, men natur- og kulturværdiane vi finn i Lom og resten av regionen,

er uløyseleg knytte til lokalsamfunnet. Utfordringane blir å skape framtidstru og gje rom for kreativitet og utvikling av nye verksemder i eit balansepunkt mellom bruk og vern. Dette gjeld både innan naturbasert og kulturbasert næringsutvikling.

Mobilisere kreativitet

Det er i første omgang snakk om midlar til prosjektleiarar for å mobilisere grendesamfunnet til å tenkje positivt; kartlegge ressursar, utvikle næringsidear og identifisere eventuelle hindringar for gjennomføring.

1.3.4 Vinmonopolet vedtok i august opning av filial i Lom

- Det er snakk om ein ny filialtype med ein del særlege kjenneteikn, seier informasjonssjef i Vinmonopolet, Halvor Bing Lorentzen, og nemner:

- Det vert ein liten butikk
- Lite vareutval med inntil 190 varer
- Kortare opningstid enn vanlege butikkar
- Underlagt ein verksamhet i nærleiken

- Denne typen filialar er noko nytt for oss i Vinmonopolet, seier Lorentzen, og no får vi høve til å teste ut konseptet i ei prøveordning som skal vere i 12 månader. Vi etablerer 9 filialar, og ein av dei kjem altså til Lom, seier han. Om evalueringa er positiv, reknar vi med at det kan vera rom for så mange som 70 – 90 slike filialar over heile landet.



*Halvor Bing Lorentzen
Foto: Marianne Otterdahl-Jensen*

1.3.5 Til topps - Nordmenn og innvandrarar saman til toppen av Noreg

17. og 18. august var det reine folkevandringa til toppen av Noreg. Om lag 1200 hadde meldt seg på turen til Galdhøpiggen arrangert av Integrering- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) og Norges Røde Kors.

Deltakarane kunne velje å gå opp fredag eller laurdag, og dei kunne velje mellom den lange oppstiginga frå Spiterstulen eller den litt lettare ruta over breen frå Juvasshytta. Tanken bak arrangementet var å gje eit bidrag til integrering ved at innvandrarar og nordmenn

saman streva seg opp til toppen, men og sjølv sagt, å få fleire til å oppdage glede ved å gå i fjellet. Deltakarane gjekk saman i grupper, og dei måtte sjølv organisere sin eigen tur med reise til Lom, overnatting og mat.



Statsråd Bjarne Håkon Hanssen var ein av deltakarane, han var i storform og glede seg tydeleg over turen frå Spiterstulen

Arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen i storform

Arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen var ein av mange som starta frå Spiterstulen og som kom seg heilt opp på Galdhøpiggen. Vêret var ikkje på turdeltakarane si side, men statsråden var i storform, og kosa seg tydeleg på turen. Underveis fekk vi veksla nokre ord med Hanssen, og vi undra oss over den gode formen sidan han er så godt kjend under

namnet Pølse-Hanssen.

- Det med pølsene var kanskje mest eit image, sa Bjarne Håkon Hanssen, men problemet var at det kanskje vart for mykje av imaget. For nokre år sidan måtte eg innsjå at eg var nøydt til å gjere noko med livsstilen. Frå då vart det mindre med pølser, og mykje og regelmessig trening.

Vi kom til Lom, og kjem gjerne attende

Vi kom til Lom, og kjem gjerne att, skriv Lars Atle Skorpen, prosjektleiaren som fekk meir enn 1000 personar til å ta turen til Galdhøpiggen. Skorpen har sendt oss eit brev der han takkar alle i Lom, Lom kommune og Røde Kors i Lom og Bøverdalen for hjelpe som gjorde prosjektet til ein stor suksess.

Alle nådde sin topp

- Om lag 450 nådde heilt til toppen, men alle nådde sin eigen topp, skriv prosjektleiari Lars Atle Skorpen. Og vidare i takkebrevet kan vi lese:
- Eit estetisk flott bygdesentrums det var lett å trivast i og få oversikt over, ein storslagen natur med høge fjell og brusande foss

og artige butikkopplevelingar. Mange av deltakarane nemner at berre det å vera i Lom var ei flott oppleveling i seg sjølv.

Særskild takk til Lom kommune

”Fra første gang vi snakka med Lom kommune om dette prosjektet, har vi vært møtt av smil, og ja-holdning. I smått og stort har vi fått hjelp til alt det vi hadde behov for.” Administrativ- og politiske leiing har gitt oss praktisk hjelp og gode råd. Ein særlig takk går til ordførar Simen Bjørgen. Han har, som representant for kommunen, og som vert, bidrige til prosjektet på ein måte og i eit omfang langt ut over det vi vanlegvis forventar, kan vi lese i takkebrevet.



Turglede på veg til toppen



Ordførar Simen
Bjørgen

2 Kommentarar frå leiarane

2.1 Ordførar Simen Bjørgen sine kommentarar

Lom - gjestfri og nyskapande

Arbeidsøkta 2007 er ført til ende. Det har vore eit krevjande, men også eit spanande år.

La meg heilt stutt nemne nokre av dei viktigaste hendingane.

Liv i Lom

Kommunal og Regionaldepartementet har sett i gang fleire nasjonale pilotprosjekt gjennom den såkalla småsamfunnsatsinga. Lom er så langt den einaste enkeltkommunen i Oppland som har fått midlar gjennom programmet. Utviklingsarbeidet i Lom har engasjert og mobilisert. Og dette er også ein arena for dialog og samhandling med sentrale styresmakter.

Lom 2020

Ein ny kommuneplan vart vedteken samrøystes av kommunestyret i juni 2007. Gjestfri og nyskapande er den nye visjonen i Lom. Denne overordna strategien vil prege lokalsamfunnet framover. Det er både spanande og utfordrande.

Nasjonalparklandsby

15. juli 2005 lanserte eg tankane om å utvikla norske nasjonalparklandsbyar under eit møte med dåverande miljøvernminister Knut Arild Hareide. Statsråden sette Direktoratet for naturforvaltning i gang med utgreiingane, og Lom kommunestyre valgte samrøystes og söka om slik status. 27 februar 2008 fekk Gjeilo, Vingelen, Storslett, Jondal og Lom denne eksklusive status. Dette er svært viktig for Lom, og samarbeidet med dei andre nasjonalparklandsbyane er alt godt i gang.

Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken

Lom er i lag med Dovre og Sel utpeikt som nasjonale pilotkommunar. Målsettinga er at vi skal oppnå 50% av både kjønn i neste kommunestyre, samt å få fleire kvinner i politiske maktposisjonar. Det er spanande å delta i slike prosessar som krev samhandling mellom ulike aktørar.

Nansenskulen

Nansen Dialog er ein sentral samarbeidspart for Lom. Vi vil bidra til fredeleg konflikthandtering basert på demokratiske verdiar og dialog, dette mellom anna gjennom eit prosjekt med fjellkommunen Pljevlja i Montenegro. Lom ungdomsråd deltek aktivt i dette arbeidet. Ein del av opplæringa av folkevalde for nytt kommunestyre vart lagt også til Nansenskulen. Dialog er eit viktig verktøy for folkevalde i Lom.

Valet 07

Det vart eit klart resultat. Det nye kommunestyret har no kome godt i gang med arbeidet. Inkludering og brubygging på tvers av politiske skiljelinjer er og framover eit sentralt verktøy. På vegne av kommunestyret vil eg få takke veljarane for tilliten.

Takk også til innbyggjarar, tilsette og politikarar for eit godt samarbeid i 2007.

Helsing

Simen Bjørgen
ordførar



2.2 Administrasjonssjef Ola Helstad sine kommentarar

Tenestetilbodet i kommunen har god kvalitet og god dekning i høve til etterspurnaden og forventningane. Dette kan vi fastslå som følgje av resultata som kjem fram i brukarundersøkingane som er gjennomførte.

2007 var første driftsåret der vi kan melde attende om gjennomførte systematiske brukar- og medarbeidarundersøkingar. Resultata frå desse set oss mykje betre i stand til å drive systematisk utviklingsarbeid både som tenesteleverandør og arbeidsgjevar. Desse dimensjonane heng tett i saman og er gjensidig avhengige av kvarandre. Denne forståinga må vera godt forankra blant dei folkevalde og dei tilsette. For å oppretthalde kvalitet og dekningsgrad for tenestene må vi utvikle medarbeidarane i same retning.

Seniorpolitikk

Som døme på tiltak som er gjennomført i 2007, kan nemnast vedtak kommunestyret har gjort om seniorpolitisk handlingsplan. Eg er heilt overtydd om at vår evne til å utvikle oss som arbeidsgjevar vil vera av dei mest avgjerande utfordringane våre. Det er derfor all grunn til å takke dei tilsette i kommunen for dei resultata dei har vore med å skape!

Godt driftsresultat i rekneskapen

Eg er og svært glad for at vi på nytt kan legge fram eit godt netto driftsresultat og ei moglegheit til å gjera avsetningar i årsoppgjeren. Det er absolutt ikkje sjølv sagt som følge av ein del utanforståande faktorar som er vanskeleg å budsjettere. Som døme her kan nemnast utvikling i kraftpris og ikkje minst utfordring med å treffe med pensjonsbudsjetteringa. Denne gongen slo desse variablane positivt ut. Det som elles har kjenneteikna kommunen dei siste åra, er god økonomistyring, m.a. i form av streng budsjettkontroll og kontinuerleg oppfølging og attenderapportering til tilsette og folkevalde.

Servicetorget

Eg tykkjer det er synd at det heller ikkje i 2007 har vorte etablert servicetorg i kommunen. Dette er som kjent eit av dei elementa som kommunestyret gjorde vedtak om i samband med ny administrativ organisering. Eit funksjonelt servicetorg er eit viktig element for å få den administrative organisasjonen til å fungere best mogleg ut frå nåverande organisasjonsprinsipp.

Gjestfri og nyskapande

Kommunestyret gjorde vedtak om ny kommuneplan i 2007 – Lom 2020 – med visjon : ”Gjestfri og nyskapandel”. Dette er ein overordna og offensiv plan som vi tilsette i kommune må legge til grunn for vårt daglege virke og det arbeidet som blir lagt ned over tid. Det er ikkje mykje som tyder på at det blir mindre spennande og utfordrande å arbeide i Lom kommune i åra som kjem!


Takk til folkevalde

Til slutt vil eg nytte høvet til å takke for godt samarbeid med dei folkevalde som gjekk ut av sine verv ved valet hausten 2007. Samstundes vil eg ynskje dei nye folkevalde lykke til med arbeidet i den nyleg oppstarta perioden!



Administrasjonssjef
Ola Helstad

Ola Helstad
administrasjonssjef



3 Politisk organisering og saker

Den politiske organiseringa i Lom kommune er utan fagutval. Men i sak 116/2007 vedtok formannskapet å opprette eit saksutval med dette mandatet:

1. Planlegge arbeidsdag i kommunestyret i tråd med tilrådinga frå Bygdalista under ordet fritt i kommunestyremøte 18.10.07.
2. Foreslå ny politisk organisering av Lom kommune basert på ein modell med fagkomitéar.

Medlemmar i saksutvalet blir Magny Hilde, Norvald Hellekveen og Håkon Kolden. Håkon Kolden blir vald som leiar.

Utvælet vil leggje fram sak til kommunestyret våren 2008.

3.1 Kommunestyret etter valet i september

Valresultatet ved kommunevalet i Lom:

Gruppe	Røyster	Prosent	Mandat	Endring
			2007	2003-2007
Bygdalista i Lom	201	17,64	3	Uendra
Det norske Arbeiderparti	198	18,15	3	-2
Senterpartiet	735	64,21	11	+2

Kommunestyret samla til konstituerande møte 18. oktober 2007



I første rekke sit det nye Formannskapet:

Fra venstre: Norvald Hellekveen (Ap, vara til Formannskapet for Anne-Lise Marstein), Mai Bakken (BL), ordførar Simen Bjørgen (Sp), Johanne Hellebergshaugen (Sp) og varaordførar Håkon Kolden (Sp).

Bak fra venstre:

Trygve Husom (Sp), Bjørnar Brustuen (Sp), Ellen Olasveen (BL, vara for Per Bådsbø), Ola Magnar Hofst (Sp), Ottar Dalen (Sp), Steinar Garmo (Sp), Geir Inge Kvålsbø (vara til Kommunestyret for Anne-Lise Marstein, Ap), Magny Hilde (Bl), Odd Arne Kroken (Sp), Torbjørg Graffer Myrbø (Sp), Harald Onsum Berg (Ap) og Beate Stø (Sp).

3.2 Saker og utval:

Utval	Møte	Saker
Kommunestyret	9	74
Formannskapet	20	137
Administrasjonsutvalet	5	9
Tilsettingsutvalet	11	60


Budsjettutvalet for 2008 har hatt slik samansetting:

Odd Arne Kroken
Magnar Mundhjeld
Anne-Lise Martein
Erik Frisvold
Torbjørg Graffer Myrhaug

Mandat for utvalet har vore å legge fram driftsbudsjett for 2008 og økonomiplan for 2008 – 2011. Budsjettet vart behandla i formannskapet 11.12.07 og endeleg vedteke i kommunestyret den 21.12.07.

Tilbakeblikk 1987: Utdrag frå årsmeldinga

Dei politiske utvala



Tilbakeblikk 1987: Nyvald ordførar Jarmund Øyen framfor profileringsbilete frå Lom (Foto: Ola Gjeilo)



Jarmund Øyen (44) vart valgd som ordførar i Lom kommune under kommunevalget i 1987. Ordføraren har kontor på Midtgard og er i utgangspunktet å finne på kontoret kvar dag.

Dei formelle oppgåvene til ordføraren er først og fremst å vera kommunen sin fremste politiske leiar. Det er ofte han som representerer kommunen utad. Ordføraren innkallar og leier møta både i kommunestyret, formannskap og administrasjonsutvalg og formelt er det ordføraren som avgjer kva for saker som skal leggjast fram på møta.

**Dei utgjer
Formannskapet
i Lom 2007-2011**



Simen Bjørgen (Sp)
Ordførar



Häkon Kolden (Sp)
Varaordførar



Johanne Hellebergshaugen (Sp)



Anne-Lise Marstein (Ap)



Mai Bakken (BL)

Administrasjonssjef
Ola Helstad

Støttefunksjonen
Egil Haug

Skule
Bård Hanem

Barnehage
Unn Tove Onsum Berg
(Ragnhild Vestad
frå 1. januar 2008)

Miljø, teknisk, næring
Jarmund Øyen

Kultur, informasjon,
profilering *)

Helse og velferd
Bjørn Bakke

Institusjonsbasert
omsorg
Aud Kvamme

Heimebasert omsorg
Reidun Øvre Øygard

*Administrativ
organisering
i Lom kommune*

*) Merk!

*Det er før tida ingen
tilsette i tenesteområde
Kultur, informasjon
og profilering. Den
administrative
organiseringa skal
evaluerast innan 2009,
og i mellomtida er
oppgåvane fordelte på
andre tenesteområde.*

4 Personal og organisasjon

Administrasjonen i Lom kommune er delt inn i åtte tenesteområde med ein tenesteleiar for kvart område. Øvste administrative leiar er administrasjonssjef Ola Helstad.

4.1 Tilsette

26 personar fekk fast tilsetting eller overgang til andre jobbar i 2007.

16 personar avslutta arbeidsforholdet i kommunen.

4 tilsette fekk klokke for 25 års teneste for Lom kommune.

Statistikk tilsette pr. 12.12.2007

Talet på fast tilsette	263
Talet på vikarar	45
Talet på menn, fast tilsette og vikarar	60
<u>Talet på kvinner, fast tilsette og vikarar</u>	<u>248</u>

4.2 Seniorpolitisk plan

Arbeidsmiljø og trivsel for dei tilsette står i fokus, alle, utan omsyn til alder, er like viktige. For å legge til rette for dette vart det frå juni 2007 vedteke ein seniorpolitisk plan.

Aldersgruppa mellom 62 og 64 år får høve til å velje ”seniorløn” eller å ta ut fridagar etter nærmare avtale. Målet er at denne gruppa skal føle at dei vert verdsette og at det vert lagt til rette for at dei skal stå lenger i arbeid.

Statistikk alder på tilsette

Gjennomsnittleg alder	46,05
Gjennomsnittleg alder, menn	50,45
<u>Gjennomsnittleg alder, kvinner</u>	<u>44,98</u>

4.3 Sjukefråvær

Avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) held fram, og vi har eit omfattande samarbeid med NAV.

Det er større sjukefråvær i 2007 enn i 2006. Kortidsfråværet er stabilt, men

langtidsfråværet har auka. Her er det ofte høve som arbeidsgjevar ikkje har kontroll over. Vi har kontakt med alle dei sjukmeldte, og jobbar aktivt for å legge til rette slik at dei kan kome tilbake i same jobb, eller eventuelt til anna arbeid i kommunen.

Statistikk sjukefråvær

Lengde på fråvær	2006	2007
1 - 16 dagar	2,7%	2,7%
16 - 40 dagar	1,5%	1,7%
41 dagar +	1,8%	2,8%


4.4 Likestilling

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere.

Oversikten syner at gruppa med ufaglærte er stor. Det vert heile tida jobba aktivt for at desse skal få den fagopplæringa som trengst for at dei skal kunne gje ei god teneste.

Alt i 1999 gjorde Lom kommune vedtak om at alle som tok fagutdanning, skal få stilling og løn som fagarbeidar. Dette er med på å stimulere til kompetanseheving. Eit aktivt samarbeid med OPUS på Otta gjer at fleire av dei tilsette er under utdanning.

Talet på tilsette fordelt på yrke



Statistikk likestilling

Gjennomsnittleg løn	306.704
Gjennomsnittleg løn, menn	333.020
Gjennomsnittleg løn, kvinner	300.337
Gjennomsnittleg aktiv stillingsprosent	69,80
Gjennomsnittleg fast stillingsprosent	63,18
Gjennomsnittleg fast stillingsprosent, menn	67,75
Gjennomsnittleg fast stillingsprosent, kvinner	62,08

4.5 Verneombod og tillitsvalde i fagorganisasjonane


Barnehagane vart skilde ut som eit eige verneområde i 2007. Det vart nyleg vald nytt verneombod, og ho har fått opplæring etter arbeidsmiljøloven §6-4. (Kurs i regi av NGB, 40 timer)

Av dei tilsette er det 43 som ikkje er organiserte. Fagforbundet (ca 140 medlemmar), Utdanningsforbundet (ca 70 medlemmar), DELTA (ca 45 medlemmar) og sjukepleiarforbundet (ca 27 medlemmar) er dei største fag-organisasjonane.


5 Økonomisk oversyn

5.1 Økonomi

5.1.1 Driftsrekneskapen



Utvikling av brutto driftsresultat 2003-2007



Utvikling av netto driftsresultat 2003-2007

		2007	Justert	2006
	Noter	Rekneskap	budsjett	Rekneskap
Driftsinntekter:				
Brukartering		6 198 746	6 412 400	5 692 185
Andre sals- og leigeinntekter		29 497 620	27 529 600	21 696 843
Overføringer med krav til mottying		28 458 285	26 185 504	29 420 987
Rametilskot		44 865 373	43 174 000	44 841 341
Andre statlege overføringer		214 700	130 000	1 572 931
Andre overføringer		4 083 001	2 293 750	1 466 091
Skatt på inntekt og formue		36 672 024	37 624 000	37 159 148
Eigedomsskatt		2 831 847	2 768 000	2 258 250
Andre direkte og indirekte skattar		3 703 851	3 500 000	5 942 401
Sum driftsinntekter		156 525 447	149 617 254	150 050 178
Driftsutgifter:				
Lønsutgifter	3	82 910 206	81 395 699	79 499 424
Sosiale utgifter	4	16 840 921	16 924 474	16 883 694
Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen		22 912 467	20 599 935	24 101 567
Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen		11 725 519	11 080 806	13 076 585
Overføringer	13	12 002 209	11 357 431	12 090 287
Avskrivningar		7 468 222	7 468 000	6 865 045
Fordelte utgifter		0	-73 213	-1 737 518
Sum driftsutgifter		153 859 545	148 753 132	150 779 083
Brutto driftsresultat		2 665 902	864 122	-728 905
Finansinntekter:				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak		14 104 626	11 982 000	12 395 280
Mottekne avdrag på utlån		167 809	250 000	2 308 973
Sum eksterne finansinntekter		14 272 434	12 232 000	14 704 253
Finansutgifter:				
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter		5 925 139	5 897 800	3 598 357
Avdragsutgifter		6 259 281	7 184 050	5 722 119
Utlån		182 480	180 000	188 719
Sum eksterne finansutgifter		12 366 900	13 261 850	9 509 195
Resultat eksterne finanstransaksjonar		1 905 534	-1 029 850	5 195 058
Motpost avskrivningar		7 468 222	7 468 000	6 865 045
Netto driftsresultat		12 039 658	7 302 272	11 331 198
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk		8 711 933	8 711 900	2 746 649
Bruk av disposisjonsfond		3 638 110	3 516 532	2 226 259
Bruk av bundne fond		5 960 884	4 789 125	8 949 994
Bruk av likviditetsreserve		0	0	0
Sum bruk av avsetninga		18 310 927	17 017 557	13 922 902
Overført til investeringrekneskapen		4 231 844	8 573 540	5 708 664
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk		0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond		10 806 912	10 659 289	4 153 591
Avsetningar til bundne fond		7 415 043	5 087 000	6 679 911
Avsetningar til likviditetsreserven		0	0	0
Sum avsetningar		22 453 799	24 319 829	16 542 166
Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk	18	7 896 786	0	8 711 933

Økonomisk oversyn

Utvikling av brutto driftsresultat frå 2003 til 2007:

(Resultat av finanstransaksjonar kjem i tillegg, tal i tusen kroner)

	2003	2004	2005	2006	2007
Sum driftsinntekter	119 630	129 535	133 672	150 050	156 525
Sum driftsutgifter	117 974	129 537	135 691	150 779	153 860
Brutto driftsresultat	1 656	-2	-2 019	-729	2 666

5.1.2 Balanserekneskapen

	Noter	2007	2006
Eigendelar:			
Anleggsmidlar			
Av dette:		416 815 595	390 586 201
Faste eigedommar og anlegg	21	237 752 942	226 625 393
Uttstyr, maskinar og transportmiddel	21	4 338 844	4 123 431
Utlån		41 547 026	39 016 012
Aksjar og andeler	22	6 089 106	5 794 793
Pensjonsmidlar		127 087 677	115 026 572
Omløpsmidlar			
Av dette:		97 957 582	83 985 600
Kortsiktige fordringar	20	20 647 490	23 019 384
Premiavvik		1 444 855	479 217
Aksjar og andeler		0	0
Sertifikat		0	0
Obligasjonar		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	5	75 865 237	60 486 999
Sum eigendelar		514 773 178	474 571 801
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Av dette:		198 802 172	186 314 610
Dispositionsfond	16	15 631 314	8 558 430
Bundne driftsfond	16	19 083 571	17 629 412
Ubundne investeringfond	16	10 387 485	9 469 698
Bundne investeringsfond	16	4 384 197	3 134 742
Rekneskapsmessig mindreforbruk	18	7 896 786	8 711 933
Rekneskapsmessig meirforbruk	18	0	0
Udisponert i investeringsrekneskap		0	0
Udekka i investeringsrekneskap		0	0
Likviditetsreserve	17	3 819 747	3 819 747
Kapitalkonto	15	137 599 073	134 990 648
Langsiktig gjeld			
Av dette:		289 603 176	258 520 248
Pensjonsforpliktingar	4	161 324 385	147 574 826
"Ihendehavarobligasjonslån"		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån		128 278 791	110 945 422
Kortsiktig gjeld			
Av dette:		26 367 829	29 736 942
Kassakredittlån		0	0
Anna kortsiktig gjeld		26 367 829	29 736 942
Premieavvik			0
Sum eigenkapital og gjeld		514 773 178	474 571 801

5.1.3 Investeringsrekneskapen

	2007
EDB-utstyr	724 713
Skulebygningar	851 332
Barnehagar	632 257
Helseheimen	564 754
Omsorgsbustader	4 890 268
Kartverk	330 161
Opparbeiding av bustader	2 716 286
Utbygging av bustader	14 994
Kommunale vegar	946 931
Sentrumstiltak	746 290
Fossbergom reinseanlegg	8 038 254
Fossbergom reinseanlegg avlaupsnett	110 737
Totalt	20 566 976

5.1.4 Finansieringsanalyse

	2007	Justert	Rekneskap
	Rekneskap	budsjett	2006
Anskaffing av midlar			
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	156 525 447	149 617 254	150 050 178
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	4 561 970	213 000	4 500 434
Innbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	32 098 592	27 291 000	31 821 496
Sum anskaffing a midlar	193 186 010	177 121 254	186 372 108
Bruk av midlar			
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	146 391 323	141 265 345	143 914 038
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	20 705 307	27 249 000	30 200 682
Utbetalning ved eksterne finanstransaksjonar	16 819 304	14 212 850	12 581 424
Sum bruk av midlar	183 915 934	182 727 195	186 696 144
Anskaffing - bruk av midlar	9 270 075	-5 605 941	-324 036
Endring i ubrukte lånemidlar	7 461 958	0	-14 713 565
Ending i arbeidskapital	16 732 033	-5 605 941	-15 037 601

5.1.5 Inntekter - Avviksmelding

Det er meirinntekter på konsesjonskraft med kr 1,3 mill. Elles er det meirinntekter på refusjon av sjukepenger med kr 1,8 mill. dette må sjåast sammen med auka vikarutgifter på utgiftssida. Avvik på rameoverføringer på kr

0,8 mill. kjem av ikkje justert budsjett etter siste prognosemodell. Av større beløp er det elles inntektsfört gavemidlar til Helseheimen med kr 1,8 mill.

5.1.6 Driftsutgifter - Avviksmelding

Lønsutgifter har eit avvik på kr 1,5 mill. Dette må sjåast i samanheng med meirinntekter på refusjon sjukepengar på inntektssida med kr. 1,8 mill. Ser ein bort frå sjukepengar, er det eit lågare mindreforbruk av lønsutgiftane.

Kjøp av varer og tenester har eit overforbruk på kr 2,3 mill. Dette er strømutgifter, opplæring, annonsering og fleire mindre poster på ca. kr 100.000.

Kjøp av tenester frå andre kommunar har eit overforbruk på kr 0,6 mill. Medan mva. kompenasjon og har eit overforbruk på kr 0,6 mill., denne posten er ein konsekvens av andre postar i rekneskapen.

Renteinntektene har ei meirinntekt på kr 2,1 mill. Dette kjem av auka rente gjennom året. Det er elles ei mindreutbetaling av avdrag på 0,9 mill. Budsjetterte lån er ikkje teke opp.

5.1.8 Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar


Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar frå 2003 til 2007: (Tal i tusen kroner)

	2003	2004	2005	2006	2007
Total langtlig gjeld	100 328	113 018	252 408	258 520	289 603
Av dette er pensjonsforpliktingar	0	0	137 141	147 575	161 324
Langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingar	100 328	113 018	115 267	110 945	128 279

Oppstillingane nedafor viser utvikling i eigenkapital og lånegjeld. Tabellane viser korleis kommunen sin eigedom er finansiert med gjeld og eigenkapital (fond). Eigenkapitalen har ein svak nedgang frå 2003,

medan vi ser ein auke i gjelda frå 2003 til utgangen av 2007. Med auke i rentenivået vil ein større del av kommunen sine inntekter bli brukt til renteutgifter og avdrag. Nye lånepoptak i 2007 vart kr. 21 498 000.

Utvikling i langsiktig gjeld frå 2003 til 2007
(tal i tusen kroner)



Utvikling i eigenkapital og lånegjeld: (Tal i tusen kroner)

	2003	2004	2005	2006	2007
Eigenkapital	163 515	166 433	180 220	186 315	198 802
Totalkapital	319 515	336 139	457 291	474 572	514 773
Langsiktig gjeld	100 328	113 018	252 408	258 520	289 603

Utvikling i eigenkapitalprosent:

	2003	2004	2005	2006	2007
Eigenkapitalprosent	51,2%	49,5%	39,4%	39,3%	38,6%

Udisponert på forskjellige fond: (Tal i tusen kroner)


	2003	2004	2005	2006	2007
Bundne driftsfond	16 541	17 103	16 331	13 121	15 232
Bundne investeringsfond	1 391	1 740	1 825	3 135	4 384
Dispositionsfond	5 770	4 197	5 281	6 059	12 949
Ubundne investeringsfond	10 952	6 898	8 651	8 371	9 153
Rekneskapsmessig mindreforbruk	6 009	1 876	2 747	8 712	7 897

5.2 Balansert målstyring


Kommunen nyttar balansert målstyring som eitt av sine styringsinstrument. På ein del område som det er resultatstyring på, vert det nytta spørjeundersøkingar. Vektinga av

resultata blir vurdert på ein skal frå 1 til 6, der 1 er det dårligaste resultatet og 6 er det beste resultatet.

Utvikling i eigenkapitalprosent



Utvikling i fondsmidlar (tal i tusen kroner)



5.3 Det totale målekartet for Lom kommune

Målekartet viser områda kor det er utabeidd konkrete mål for kommunen. Desse områda er brukarar, økonomi og medarbeidrarar. Måla står i høgre kolonne, medan resultata er kolonna ved sida av til venstre.

Målekarta vart innførte i 2006, og det er fleire område kor vi enno ikkje har utført målingar.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Målemetode	Resultat 2006	Resultat-mål 2007	Resultat 2007
Brukarar	Brukar-tilfredsheit	Kor tilfredse er brukarane	BU	4,5	4,5	4,4
	Medverknad	Tilfreds med medverknad	BU	4,3	4,3	3,7
		Andel tenester med oppdatert tenestebeskriving	Oppstelling	93 %	93 %	93 %
		Andel tenester med oppdatert serviceerklæring	Oppstelling	93 %	93 %	0 %
	Avklaring av forventningar	Oppleving av kvalitet på informasjon	BU	3,6	3,6	3,9
Økonomi	Økonomi-styring av drift	Avvik budsjett	Økonomisystem	0,0 %	0,0 %	3,8%
		Brutto driftsresultat	Økonomisystem	4,3 %	-3,8 %	1,9%
		Netto driftsresultat	Økonomisystem	7,9 %	4,8 %	7,7%
	Finansiell styring	Eigekapitalprosent	Økonomisystem	38,0 %	38,0 %	38,6%
		Gjeldsgrad (Gjeld/Eigekap)	Økonomisystem	1,4	1,6	1,5
		Langsiktig gjeld pr innbyggjar	Økonomisystem	28 327	80 536	31 522 *) 45
	Likviditetsstyring	Kredittid fordringar	Økonomisystem	40 dagar	40 dagar	dagar
		Likviditetsgrad 1	Økonomisystem	2,8	2,8	3,7
		Arbeidskapital	Økonomisystem	35,8 %	35,0 %	44,4%
Medarbeidrar	Arbeidsgjeverrolla	Oppleving av leiarskap til nærmeste leiar	MU	4,5	4,5	4,4
		Oppleving av leiarskap til overordna leijing	MU	4,1	4,1	3,8
		Andel gjennomførte medarbeidar-samtalar	Oppstelling	100 %	100 %	94 %
	Rekruttering	Omdøme	MU	4,5	4,7	4,6
		Attraktiv	Andel kvalifiserte søkerar til ledige stillingar	83 %	89 %	86 %
		Medarbeidar-tilfredsheit	MU	4,8	4,7	4,4
	Arbeidsmiljø	Sjukefråvær korttid	Statistikk	2,8 %	3,2 %	2,7%
		Sjukefråvær langtid	Statistikk	2,6 %	2,8 %	4,5%

***) Merk!**

Utrekningsgrunnlaget for langsiktig gjeld pr innbyggjar er endra, difor er ikkje tala for resultatmål og resultat i 2007 samanliknbare.

6 Oversikt frå tenesteområda

6.1 Oversikt frå tenesteområdet Støttefunksjonen

6.1.1 Hovedoppgåver

Støttefunksjonen skal gje service til dei andre tenesteområda i kommunen, slik at dei skal få teke seg av sine primære oppgåver, samtidig som Støttefunksjonen har oppgåver retta mot innbyggjarane i Lom kommune.

Støttefunksjonen har ansvaret for:

- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- IT/IKT

- Servicetorg
- Informasjon
- Skatteoppkrevjing
- Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører bokettersyn av lønningsområde på arbeidsplassar i regionen) Lom kommune administrerer ordninga.
- Studiesenter



Egil Haug er
tenesteleiari i
Støttefunksjonen

6.1.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

- Krav til både ekstern- og intern informasjon er stor. Ny heimesideplattform gjer det mogleg å gje betre informasjon både internt og eksternt.
- Arbeidsmengda er stor. Det kjem stadig nye og vidareutvikla system som kan automatisere rutinar.
- Krav frå brukarane til kvalitativt gode tenester, set krav til god styring av økonomi og kvalitet.
- Stor og variert saksmengde set krav til fleksibel organisasjon og kompetanse.
- Forventningar i organisasjonen om at Støttefunksjonen skal ta fleire arbeidsoppgåver frå andre tenesteområde.
- Det er eit ”press” om utviding av rammene til det einskilde tenesteområde. Dette set krav til styring av kommunen. For å møte dette må det til ei systematisk analyse av økonomi, kvalitets- og medarbeidarindikatorar.

6.1.3 Utfordringar framover

- Ta i bruk, og få gevinst av nye styringssystem.
- Gje betre service.
- Nye kontorarbeidsplassar, og innreiing for Servicetorget vil koma på plass i 2008. Det blir viktig med ein god serviceorientert funksjon som samhandlar godt med andre tenesteområde.
- Betre arbeidsmiljøet ved at den enkelte må få betre tid til å gjera sine oppgåver.
- Tilfredsstillande opplæring for reservefunksjonar.
- Synleggjera verdien av Støttefunksjonen sine arbeidsoppgåver.
- Etablere dialog og samarbeid med andre kommunar.
- Flytte ut arbeidsoppgåver frå Støttefunksjonen til Vaktsentralen i Lom.

Tilbakeblikk 1987: Utdrag frå årsmeldinga

Driftsrekneskap sentraladministrasjonen 1987

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Utgifter	4 536 000	4 268 000	- 268 000
Inntekter	624 000	618 000	+ 6 000
Netto	3 912 000	3 650 000	- 262 000

Avviket på 262 000 har samanheng med overskridinger på lønsbudsjettet for økonomiavdelingen og større utgifter til EDB-anlegg.

Oversikt frå tenesteområda: Støttefunksjonen

6.1.4 Rekneskapsoversikt

Støttefunksjonen (tal i tusen kroner)	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2007	Avvik
Lønsutgifter	5 341	8 019	8 966	-947
Kjøp av varer og tenester	5 851	1 127	465	661
Kjøp av tenester frå andre	5 683	4 526	4 265	261
Overføringer	1 319	2 416	2 509	-93
Finansutgifter/Transaksjonar	40 127	47 697	44 455	3 242
Salsinntekter	-12 959	-17 851	-16 413	-1 438
Refusjonar	-3 728	-3 805	-11 285	7 480
Overføringer	-91 246	-90 206	-89 259	-948
Finansinntekter/Transaksjonar	-29 334	-34 997	-31 747	-3 250
Totalt	-78 946	-83 075	-88 043	4 968

6.1.5 Kommentarar til avvik

Budsjettansvaret til Støttefunksjonen omfattar og kommunen sine totale overføringer frå Staten og dei finansielle transaksjonar som lån og bankinnskot.

På utgiftssida har vi fylgjande avvik:
Det er kr 489.000 i mindre driftsutgifter enn budsjettert. Dette kjem av lågare lønsutgifter og mindre overføringer til andre.

På inntektssida har vi fylgjande avvik:

- Auka inntekt på konsesjonskraft ca. kr 1.3 mill.

- Budsjetteknisk er momskompensasjon inntektsført i Støttefunksjonen, medan inntektene i rekneskapen kjem på dei andre tenesteområda. Dette saman med meirinntekt i form av rentekompensasjon utgjer kr 7.5 mill.
- Avviket på overføringer på kr 0.9 mill. er overføringer frå Staten. Det er ikkje gjort budsjettjusteringar etter siste prognosemodell.

6.1.6 Nøkkeltal for området


	2003	2004	2005	2006	2007
Økonomiavdelinga:					
Talet på årsverk	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Talet på bilag	7 681	7 759	8 134	11 405	11 433
Sevicetorget:					
Talet på årsverk			4	3	
Talet på journalpostar			4.896	5.100	
Søknader om etableringstilskot			23	18	
Søknader om skjenkeløyve			9	17	
Talet på formannskapsmøte			22	20	
Talet på kommunestyremøte			10	9	
Talet på budsjettutvalsmøte			8	8	
Talet på andre utvalsmøte			0	0	
Personal:					
Talet på årsverk			1	1	
Talet på saker i adm.utvalet			2	9	
Talet på saker i tilsettingsutvalet			53	60	
Talet på faste tilsettingar			25	26	
Talet på avslutta arbeidsforhold			18	16	
Informasjon:					
Elektroniske skjema på heimesida	0	0	0	3	
Vitjingar på heimesida, pr. veke	2.577	7.051	12.758	17.170	
Total score frå Norge.no, prosent	57	57	52	69	52
Talet på utgåver av Lomsnytt	1	2	2	2	3

Oversikt frå tenesteområda: Støttefunksjonen

6.1.7 Målekart og resultatindikatorar

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Målemetode	Resultat 2006	Resultat-mål 2007	Resultat 2007
Brukarar	Brukartilfredsheit	Kor tilfredse er brukarane	BU	4,5	4,8	4,2
	Avklaring av forventningar	Andel tenester med oppdatert tenestebeskriving	Opptelling	100 %	100 %	100%
		Andel tenester med oppdatert serviceerklæring	Opptelling	100 %	100 %	0%
		Saker utover krav i rutinehandbok	Sak- arkivsystem	0	0	
		Oppleving av at tenester vert levert innan lovtid	BU	4,7	4,7	4,4
		Oppleving av å få svar på spørsmål og hjelp til å få løyst oppgåver	BU	4,7	4,9	4,5
	Kompetanse	Oppleving av kvalitet på informasjon	BU	3,9	4,2	3,9
	Relevant informasjon	Tilgjengeleghet for alle på heimesida	Norge.no	71 %	75 %	45%
		Nyttig innhald på heimesida	Norge.no	75 %	80 %	46%
		Total score i kvalitet på heimesida	Norge.no	69 %	70 %	52%
		Besökande på heimesida	Webstastisitkk	12 758 snitt pr. veke	18000 snitt pr. veke	17 170 snitt pr. veke
Økonomi	Økonomi-styring av drift	Avvik budsjett	Økonomisystem	0 %	0	-0,7
	Andel fakturaer sendt innan 3 verkedagar	Opptelling	95 %	95 %	100%	
	Kapasitet og ressursar	Andel gjennomførte oppgåver innan fristar i årshjul	Eigevurdering	100 %	90 %	67%
Medarbeidrar	Arbeidsgjevar-rolla	Oppleving av leiarskap til nærmeste leiar	MU	4,5	4,3	3,1
		Oppleving av leiarskap til overordna leiing	MU	3,5	3,9	3,6
		Andel gjennomførte medarbeidar-samtalar	Opptelling	100 %	100 %	100 %
	Rekruttering	Omdøme	MU	4,5	4,5	3,5
		Attraktiv	Andel kvalifiserte søkerar til ledige stillinger	80 %	80 %	83%
		Høve til utvikling	MU	4,0	4,3	3,9
	Arbeidsmiljø	Medarbeidar-tilfredsheit	MU	5,0	4,3	3,9
		Sjukefråvær korttid	Statistikk	2,0 %	2,0 %	1,7 %
		Sjukefråvær langtid	Statistikk	3,2 %	2,0 %	1,0 %

Indikatorar for Støttefunksjonen	Tre siste år	Lom	Skjåk	Vågå	Komm.-gruppe	Opp-land	Heile landet
	2005	2006	2007	2007			
Finansielle nøkkeltal							
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,8	-0,7	-0,5	-3,9	-1,2	1,8	0,2
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,3	7,3	5,6	4,9	2,7	0,7	1,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	181,1	171,7	189,4	232,4	170,7	174,7	147,1
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	51,7	35,8	44,4	62,5	29,9	23,9	26,8
Frie inntekter i kroner pr. innbyggjar	30 165	34 615	33 631	34 483	32 963	33 884	30 383
Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar	23 723	28 327	31 522	19 255	28 577	35 418	22 458
Prioritering							
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kroner pr. innbyggjar	5 175	6 817	5 386	5 777	4 323	4 679	3 597



Bård Hanem er leiar
for tenesteområdet
Skule

6.2 Oversikt frå tenesteområdet Skule

Området har ansvar for ungdomsskulen og barneskulane – og dei 2 leirskulane. I tillegg hører og heime her Musikk- og kulturskulen og Lom folkebibliotek.

6.2.1 Hovudoppgåver


- Kvalitetssikring av læringsmiljøet i skulane med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter
- Etter- og vidareutdanne det pedagogiske personalet i høve til måla i Kunnskapsløftet

- Gje eit musikk- og kulturskuletilbod som avspeglar interessene til elevane
- Sikre innbyggjarane fri tilgang til ulike media gjennom biblioteket og utvikle biblioteket til ein aktiv læringsarena

6.2.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

- Elevane møter skulen med ulik ”nistepakke”
- Større skilnader i oppfølging av elevane frå heimane
- Eit ”uroleg samfunn” verkar inn på elevane si læring
- Informasjonsstraumen skaper behov for fordjupning
- Krav til skulen som arena for fagleg læring
- Krav til skulen om vurdering og dokumentasjon

Tilbakeblikk 1987:
Utdrag frå årsmeldinga
(Foto: Ola Gjeilo)



Undervisning ved Odda skule

Driftsrekneskapen skule/barnehage 1987

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Utgifter	14 163 083	14 232 195	+ 69 112
Inntekter	3 186 147	2 269 085	+ 557 062
Netto	10 976 936	11 603 110	+ 626 174

Oversikt frå tenesteområda: Skule

6.2.3 Utfordringar framover

- Leggje til rette for Tilpassa opplæring
- Utnytte IKT slik at skulane i Lom gjennom DIG Lom og Skjåk – og læringsplattformen PedIT - blir mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverktøy
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning ha fagleg oppdaterte lærarar
- Sikre nok ressursar til skulen til å følgje opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn
- Arbeide for at elevane i større grad kan ta del i utvikling av læringsmiljøet
- Organisering av ”heildagsskulen” der skulen blir utfordra til å ta eit større og større ansvar for elevane sin totale livssituasjon
- Samordne stillingar med andre kulturskular for å kunne gje eit best mogleg undervisningstilbod

6.2.4 Rekneskapsoversikt

Skule (tal i tusen kroner)	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2007	Avvik
Lønsutgifter	21 672	22 665	23 171	-507
Kjøp av varer og tenester	6 048	6 710	6 285	424
Kjøp av tenester frå andre	1 361	1 435	1 309	126
Overføringer	1 038	1 336	991	345
Finansutgifter/Transaksjonar	328	90	158	-68
Salsinntekter	-641	-1 270	-890	-380
Refusjonar	-2 929	-2 805	-3 148	343
Overføringer	-35	-27	0	-27
Finansinntekter/Transaksjonar	-837	-361	-212	-149
Totalt	26 005	27 773	27 665	108

6.2.5 Kommentarar til avvik

- Avviket i lønn kjem at ”vikarar med refusjon” var budsjettert for høgt
